

Velkommen til Folkestad SFO

Generell info:

- SFO har ope kvar dag etter skulen og til 16.45, (*mån/tors frå kl 14.00, tys/fre kl 13.15, ons kl 12.00*) MorgoSFO er frå 07.15-08.15 og reknast alltid ein time.
- Påmelding og endring av storleik på plass bør skje via elektronisk søknadsskjema. (men ein kan og få eit søknadsskjema via skulen) Det er ny påmelding kvar vår.
- ½ plass er inntil 7t og kostar 1426,- ¾ plass er inntil 13t og kostar 2030,- Full plass kostar 2928,- Ved utelatt betaling i 3 mnd. mister man plassen.
- Kjøp av ekstra enkelttimar kostar 56kr og kjøp av ekstra feriedagar kostar 292kr
- Bemanninga på SFO er ein vaksen på 15 ungar.
- **FerieSFO** gjeld ei veke etter skuleslutt og ei veke før skulestart, samt haust og vinterferien. FerieSFO har eigen påmelding som vert sendt ut omlag 2 veker før ferien med frist ca ei veke før feriestart. Dei som har ½ plass har 10 dagar ferieSFO, ¾ plass 15 og heil plass 20 dagar. Opningstida på ferieSFO er 07.30-16.30 Haust og vinterferie-SFO samt ferieSFO siste veka etter skuleslutt er på Bø skule.
- Justeringar av tider og dagar innanfor same plass kan gjerast skriftleg til dagleg leiar. (Du finn lapp for endring av tider i ein arkholder på SFOgongen.)
- Oppseiing skal gjerast skriftleg. Oppseiingstid er ein månad, rekna frå 1. i mnd. **etter** oppseiinga. Frå 1. april betal ein for ut skuleåret. Oppseiing kan òg gjerast via websøknadsskjema.
- SFO har stengd 5 planleggingsdagar saman med skulen.

Folkestad SFO:

- Vi deler ut SFO-planar med oversikt over dei ulike dagane og aktivitetane i SFOtida. Planane vert justert avhengig av årstida og eventuelt studentbesøk ol.
- I arkholdaren på SFOgongen finner du kopier av skjema, informasjon og planar som har vore delt ut på SFO. Dei kan du/dykk ta med.
- Betaling for frukt/grønt og mjølk samt fredagsmat vert fakturert mot slutten av kvart halvår. Prisen er 5 kroner dagen. Dykk betaler berre for dei dagane ungane er på SFO til mat.
- Vi kjem til å være mykje ute. Send med ungane egna klede og regntøy. Dei får eigen kasse til skift.
- 1-2 klasse henger sekker og klær på SFOgongen. 3-4 har same plassar til klede som i skuletida.
- **MERK KLEDA MED NAMN**
- I opningstida til SFO kan du nå oss på **TLF: 35059406**



*Vi vil gjerne samarbeide med dykk foreldre i møte med enkeltbarn
..... så alle kan trivast og ha det bra !*

SFOdagen:

- SFO-dagen startar med at barna kryssast inn på baselista. 1 og 2 klasse vert ropa opp inne i klasserommet før dei går ut og skal henge oppnamnlappane sine på SFO-gongen. 3-4 kl kryssast inn ved klasseromsgongen.
- Barna er ute anten før eller etter mat kvar dag.
- Det vært laga ein aktivitetsplan/SFO-info for nokre SFO-veker av gongen
- Det er frileik kvar dag, men barna får gjerne tilbod om aktivitetar dei må velje mellom medan vi et slik at overgangen til leik og aktivitet går lettare.
- I tillegg til leik og spill har vi har tilbod om teikning, kitt, malig og ulike formingsaktivitetar kvar veke.
- Skulekjøkkenet vert gjerne bruka tysdagar, torsdagar og fredagar som ekstra SFOrom. Der er det rolege aktivitetar bla. teikning. Vi bruker gymsalen ofte når det ikkje er fint vær. Er det fint vær er vi mye ute.

Mat:

- Elevane får frukt og grønt samt mjølk kvar dag.
- Elevane må ha med niste på SFO måndag, tysdag, onsdag og torsdag, bruk gjerne ein eigen nisteboks eller ha to separate nister i ein boks. Vi et ca kl 14.
- Fredag er det mjølkemat. Det vil si Cornflakes, Cerioos, havreputer, havregryn, havregrøt etc.
- Siste fredag i månaden er det superfredag med noko ekstra godt å ete.
- Det vert laga ein mat-plan/meny for nokre veker av gongen.
- Vi deler barna i to aldersblanda grupper når vi et tysdag, torsdag og fredag. Ei gruppe et på SFO- rommet og ei på skulekjøkkenet. Måndag og onsdag et alle saman på SFO-rommet eller 1klasse et på klasserommet.

Aktivitet:

- SFO er ein del av barnas fritid. Vi legg til rette for både frileik og ulike organiserte aktivitetar ute og inne
- HIT studentar har dei siste åra hatt praksis på SFO ein dag i veka. Det har vore eit tilbod frå 2-3 klasse.
- Bruk av eigne leiker gjev ofte mykje konflikhtar og er difor ikkje lov på skulen eller SFO. Om barna har med seg leiker vert dei lagt i sekken eller på SFOkjøkkenet til barnet vert henta.
- Av og til har vi quiz under maten og på superfredagar ser vi ofte film, men superfredag kan og være ein felles aktivitet som natursti, ute i vår og hausthalvåret.

Henting:

- Hugs at ein må seie i frå til ein vaksen på SFO når barnet vært henta så vi kan nulle ut. Elevar i 1-2 klasse flytter namnlappen sin på yttergongen frå « har kome» til «har reist»
- Beskjedar om endringar i høve til vanleg SFOdag og henting (av andre) kan skrivast i meldingsboka, ein av dei føresette kan gje munnleg beskjed til oss på SFO på førehand eller ringe.
- Ungane skal rydde det dei har leika med før dei går heim.

- spør om du lurar på noko

Helsing SFO-gjengen